

## Årsrapport - SNO-Sogndal JOSTEDALSBREEN NASJONALPARK



**Lokalt SNO: Anne Rudsengen**

I tillegg er det kjøpt tenester av:  
Luster kommune v/ Einar Fortun  
Utmarksressurs v/Ole Runar Aabrek  
Diverse entreprenørar og fagarbeidrar

## Førord

Året går mot slutten og her er ei oppsummering av det arbeidet som SNO har gjort og vore med på i 2011 for nasjonalparken, samt nokre utfordringa, utviklingstrekk og tilrådingar på kva ein bør arbeide med vidare framover.

Året har vore spennande med at det nye forvaltningsregimet er på plass med nasjonalparkstyret og nasjonalparkforvaltar. Dette er ein ny og stor ressurs for nasjonalparken og lokalt SNO ser fram til å samarbeide tett med forvaltninga! I den samanheng er det viktig at dei som sit i styret får ei oversikt over kva lokalt SNO arbeider med i nasjonalparken.

Vi som arbeider som naturopsyn sit i multifunksjonelle stillingar og har ein portefølgje med oppsynsmynde i åtte naturvernlovverk utanfor verneområda. Vi blir sett på som statens feltapparat og har fått tildelt fleire nye oppgåver etter opprettinga i 1996, mellom anna innan rovvilt. Lokalt SNO har mellom anna oppsynsansvar for sju andre mindre verneområde som ligg i nærleiken av Jostedalsbreen.

Fjærland og Norsk Bremuseum er det nye forvaltningsknutepunktet for nasjonalparken og der er no både nasjonlaparkforvaltaren og underteikna på plass. Kontora er i Feltstasjonen; bygget ved sidan av utstillingsbygget. Alle er hjarteleg velkommen innom! Eg kan ikkje garantere å vere der ettersom kring halvparten av tida blir brukt ute, men det er òg fint å få ein telefon, eller telefonomelding!

Då vil eg ynskje det nye nasjonalparkstyret og nasjonalparkforvaltar Maria lukke til i det vidare arbeidet med å forvalte Noregs flottaste nasjonalpark!

Anne Rudsgen  
Naturopsyn  
tlf: 95963888

*Framsidefoto: Fåbergstølsgrandane med Stegholtbreen i bakgrunnen*

## Innhold

Føreord.....	2
Innleing .....	4
Oppsynsaktivitet: kontroll, tilsyn, informasjon o.a .....	4
Brot på verneforskrifta .....	5
Utviklingstrekk .....	5
Grenseskilting.....	5
Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år.....	6
Registrering/overvåking .....	6
Tilrådde oppfølgingspunkt neste år: .....	7
Formidling.....	7
Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år.....	7
Informasjon om breane.....	8
Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt: .....	8
Menneske og naturarven .....	9
Utkvittering av bestilte tiltak i 2011 (jf skjema B og C) .....	9
Skållastiprosjektet .....	9
Utfordringar og tililrådde oppfølgingpunkt neste år.....	10
Innfallssport Bergset.....	10
Utfordringar og tilrådde oppfølgingpunkt neste år: .....	11
Bøyabreen.....	12
Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år: .....	13
Bødalseter.....	14
Sunndalen.....	14
Austerdalen.....	14
Langedalen .....	15
Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt til neste år: .....	15
Restaurering av gamle ferdelsvegar.....	16
Dei aktuelle stiane er: .....	16
Utfordringar og tilrådde oppfølingspunkt neste år: .....	16
Informasjonsskilt ved innfallssportane og turistknutepunkt.....	17
SKJEMA B - Bestillinger fra Fylkesmannen for 2011 (bestilling av SNO personellressurser ut over SNOs kjerneoppgaver).....	20
Beskrivelse av oppdrag .....	20
SKJEMA C – Tiltak i nasjonalparker og andre verneområder (tiltak som er tildelt midler over 1426.30 eller 1426.31.1 og hvor SNO-L er ansvarlig for gjennomføring) FMSF = Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.....	21
Statens naturoppsyn (SNO) .....	22

## Innleiing

Årsrapporten frå SNO om Jostedalsbreen nasjonalpark til styret er mellom anna meint som innspel til *Bestillingsdialogen*. Dette omgrepet kom til for nokre år sidan for å ha ein formell plattform mellom forvalningsstyresmakta og SNO. Dette er eit planleggingsverkty der ein ser på kva for arbeid, tiltak, utfordringar og prioriteringar som bør utførast i forvalningsområdet for kvart år. Gangen i arbeidet er at SNO rapporterer og fortel om aktiviteten i inneverande år og kva som er utfordringar og utviklingstrekk, og kjem med forslag til oppfølgingar. På bakgrunn av dette vil forvalningsstyresmakta i ein bestillingsdialog med SNO kome fram til kva ein bør prioritere i/for verneområdet for neste år. Dette skjer i november/desember.

Bestillingsdialogen gjeld ikkje berre tiltak som krev midlar, men òg anna arbeid som ein meiner oppsynet/forvaltninga sjølv bør prioritere kommande år (t.d ekstra fokus på ulovleg helikopterflyging/registrering av ”postkortartar”/naturvegleiing). Likevel er det tiltaka som krev ekstra midlar som har hovudfokus.

Bestillingsdialogen er formalisert gjennom eit skjemasytem (A,B og C-skjema) som forvaltninga og SNO må bruke. Dette blir vidare sendt til DN/SNO sentralt som prioritær vidare tiltaksdelen utifrå statsbudsjettet og politiske føringar. Nokre større prosjekt bruker å bli løfta fram for å få fram nokre ”fyrtårn-prosjekt” som kan vare over fleire år. Skålasiiprosjektet er eit slikt. Trongen for midlar er ulike i verneområda og kan variere frå år til år.



Nasjonalparkstyret opnar ny bru i Supphelledalen

## Oppsynsaktivitet: kontroll, tilsyn, informasjon o.a

På oppsynsturane freistar vi å ha eit ope øye for alt rundt oss. Sjølve tilsynet med at verneforskrifta blir halde ligg under heile tida, men er ingen stor utfordring i nasjonalparken. I eit så stort område som Jostedalsbreen nasjonalpark freister vi å så registrere/ha oversyn over m.a. bygningar/infrastruktur, endringar i t.d. bruk/slitasje, framande artar, truga artar og kulturminne. Vi følgjer opp tiltak og dispensasjonar som forvalningsstyresmakta har bestemt. I 2011 starta SNO opp databasen *Verneområdelogg* der all relevant informasjon blir lagra. Når denne har fått ein del data og har gått seg til, vil den bli tilgjengeleg for andre. Elles så

rapporterast det til ulike baser, mellom anna [www.artsobservasjoner.no](http://www.artsobservasjoner.no) Informasjon om rovvilt og spor blir lagra i [www.rovdata.no](http://www.rovdata.no)

### **Brot på verneforskrifta**

I 2011 hadde SNO-Sogndal ein anmeldelse på lågtflyging med helikopter over nasjonalparken. Grensa for lågtflyging i nasjonalparken er 300 meter opp frå terrenget. Det var to skiløparar, som nesten var kome opp til Skålatårnet, som opplevde at helikopteret suste rett over dei. Skiløparane filma flyginga og la den ut på ei nettside. Politiet henla saka fordi dei ikkje var sikre på om helikopteret hadde vore under 300 meter frå bakken/terrenget.

### **Utviklingstrekk**

Det ser ut til at det er ei auke i turistflyging over nasjonalparken. Denne flyginga er òg mest populær på solskinsdagar då òg mange turgårar ynskjer å gå på tur. SNO vil halde fram med å følgje med på denne aktiviteten.



Bilde frå film som viser låg flyging over uthuset til Skålatårnet

### **Grenseskilting**

Det vart ved oppretting og utviding av nasjonalparken sett opp over 30 grenseskilt; små skilt med riksvêpen som fortel at ein er kome til ein nasjonalpark. Desse er sett opp der (godt brukte) stiar kryssar nasjonalparkgrensa. Dette er ikkje juridisk skilt, så dei treng ikkje stå presist på grensa. Skilta falmar etter kvart, blir øydelagd av vær og vind eller blir tekne (souvenirer/herverk). I 2011 vart det skifta skilt på følgjande stader:

I Kinnaklypa, Førde

Ved Marabreen, jølstrasida

Ved Marabreen, fjærlandsida  
I Fagredalen, Jølster  
I Haugadalen, Jølster

### **Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år**

SNO kjenner til fleire stader der det manglar skilt eller skilta er øydelagde. Dette bør kome på plass, og det vil ta fleire vekeverk. Informasjon om alle skilta med plassering, bilde og tilstand må leggast inn i den nye Verneområdeloggen.



Grenseskilta må skiftast ut med åra

### **Registrering/overvåking**

Gjennom sommaren 2011 har det stått ferdselsteljarar på følgjande stader i nasjonalparken:

- På stien til Skålåtårnet
- På stien inn til Bødalsbreen
- På stien inn til Austerdalsbreen
- På stien inn til Bergsetbreen

På dei tre første stiane har det stått ferdselsteljarar i tidlegare år også, medan det er første året det er teljar på stien inn til Bergsetbreen. Tala for i år er ikkje lasta inn enno, og det vil føreligge ein eigen rapport når dette er gjort. Det ein mellom anna ynskjer å registrere er om det er noko skilnad i ferdsla før og etter tilrettelegging/stiutbetring i desse områda. Vidare kan ein lese eit mønster i når det er mykje ferdsel: når på døgnet og kva for dagar.

### **Tilrådde oppfølgingspunkt neste år:**

Ein bør halde fram med å registrere ferdsla i desse områda, og vurdere om det er trong for registeringar i nye område.

### **Formidling**

Formidling om vern, naturforhold og liknande er ein viktig del av arbeidet til SNO. Vi synast att med SNO-logo på klede og bil noko som gjer at publikum har høve til å ta kontakt. Likevel er det ofte vi som SNO som tek kontakt med folk vi møter i naturen og då kjem gjerne naturfaglege spørsmål og samtaleemne. Med den store mengda med folk som besøker Jostedalsbreen nasjonalpark, så er det mange aktuelle å formidle til.

I 2011 har SNO-Sogndal utført følgjande spesifikke formidlingstiltak:

Biomangfalddagen: Naturkunnskap og natursansebane for 8-klasse på leirskule i Stryn

Tunsbergdalsbreprosjektet: Bildeframsyning og i lag på tur med diverse formidling til britisk ungdom. Dei deltok òg på samling og rydding av søppel i Røykjedalen

Erdalen: Kort foredrag tilpassa 10-klassepensum og i lag med alle elevane ute med formidling om vernet og biomangfald.

Sandanedagane: Deltok heile helga i SNO-lavvo med formidling til dei som dukka opp.

Strynemessa: Varemesse i Strynehallen. Utarbeida stand med kart og bilde frå m.a.

Jostedalsbreen nasjonalpark. Populær naturquiz.

### **Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt neste år:**

Dei besøkande som er innom ein av nasjonalparksentra vil sjølvsagt få ein del kunnskap om naturen i nasjonalparken. Utover det, så ligg nasjonalparken godt til rette for lett å samle folk til formidling. Dei største mengdene med folk er rett ved innfallsportane der det også er mykje interessant å sjå og lære, ikkje minst innan geologi. Det hadde vore flott å kunne hatt naturformidlarar som sesongarbeidarar knytt til ulike innfallsportar og som samstundes kunne vore med å tatt ein tak med anna oppsynsarbeteid.



**Britisk ungdom har samla gamalt ekspedisjonssøppel i Røykjedalen**



Formidling på Strynemessa

### **Informasjon om breane**

Vi har allemannsretten i Noreg som gjer det mogleg for folk å ferdast fritt i utmark om ein viser respekt for landbruket og dyrelivet elles. Dette gjer at vi ikkje, med loven i handa, kan nekte folk å gå på stader der dei kan utsette seg for fare. Turistar som kjem til Jostedalsbreen ynskjer naturleg nok å oppleve breen på nært hold og mange går difor tett inntil eller opp på isen utan nok kunnskap og utsett seg difor for fare. SNO sett det som ei informasjonsoppgåve å sette opp skilt framføre bearmane som fortel at ein ikkje må gå vidare. Sjølv om bearmane dei siste åra har trekt seg tilbake, er det likevel fareleg å gå tett på mange stader fordi det kan rase ned is frå breen høgare oppe. Fleire stader der breen har trekt seg tilbake vil steinura vere laus med fare for utglidning og steinsprang. Det står brefareskilt framføre i alt ni bearmar kring Jostedalsbreen.

Briksdalsbreen har dei siste åra sett ”snillare” ut, men her er farleg å gå for nære. For å sikre turistane enno meir har reiselivsnæringa ønskt ei permanent gjerding. Korkje forvaltning eller naturoppsyn har mynde til å sette opp eit slik gjerde, men politiet kan gjere det utifrå omsyn til liv og helse. SNO utførte arbeidet med å sette opp 16 ledd med konsertgjerde/franske gjerde i 2011. Erfaringa er at ein del turistar likevel klyv over gjerde for å komme nærmare breen, men det er færre ein tidlegare som går tett på breen.

### **Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt:**

Sjølv om bearmane trekker seg tilbake er det framleis trond for opplysning til publikum i dette ”levande” landskapet som er framføre bearar. Gjerdene som er sett opp framføre Briksdalen er i grått og dominerer ikkje i landskapet, men er eit tydeleg stengsel når ein nærmar seg. Dei bør difor stå eller skiftast ut viss dei blir øydelagde no i løpet av vinteren.



Gjerde som vart satt opp framføre Briksdalsbreen 2011

### ***Menneske og naturarven***

SNO vart i år involvert i eit større prosjekt om natur og kulturhistorie frå Miljøverndepartementet. Her vil vi registrere tidlegare bruk av naturen i verneområda, og spesielt plukke ut nokre konkrete område. I Jostedalsbreen nasjonalpark har vi valt å ta føre oss dei gamle ferdsselsvegane med dei spora dei har i terrenget i form av oppbygde vegar, namnsette vardar og namn i terrenget. Dette prosjektet passer bra saman med aktuelt tiltak på restaurering av dei gamle vegane.

### **Utkvittering av bestilte tiltak i 2011 (jf skjema B og C)**

#### ***Skålastiprosjektet***

2011 var det fjerde året med tiltak på stien til Skåla. Bakgrunnen for arbeidet er

- Å unngå stor slitasje av vegetasjon når stien spreiar seg,
- Ta vare på det kulturminnet som stien med steintrappene utgjer
- Legge til rette for friluftsliv

Utbetting av stien til Skåla er eitt av dei største enkelprosjekta i nokon nasjonalpark i landet, og det har skapt stor interesse og fått stor positiv merksemd både lokalt og nasjonalt. Arbeidet er steinsetting av sti, bygging av stikkrenner (klopper) i stein for å leie vekk vatn og vedlikehald av gamle steintrapper. Det å fare forsiktig fram og ordne godt opp etter seg

etterpå er ein viktig del av arbeidet. Det er brukt spesialgravamaskin fleire stader, men arbeidet som er utført med handemakt er stort og naudsynt.. Dette gjeld spesielt revegetering av sidene av stien og nokre gamle stitraser. I Skålastien er det brukt både lokale entreprenørar og prosjektleiing, steinleggarkompetanse frå sharpane i Nepal og lokal dognad.

I 2011 føregjekk hovudarbeidet på stien frå ca. 800 høgdemeter opp. Her vart det lagt ned ca. 560 meter steinsti med maskin og ca 80 meter berre med handemakt.. Både høgare opp langs stien og noko nedanfor, så vart det bygd 32 stikkrenner i stein. I tillegg vart det bygd nye og reparert store vardar frå skaret (ca. 1350 moh) og opp til toppen. No er det i alt seks store vardar og ein mindre. Tilsaman pågjekk det arbeid i fem veker i fjellet. Dugnadsarbeidet vart utført med steinsetting og med rydding/markering av sti, tilsaman 60 meter i området ovafor skaret.

### **Utfordringar og tilslutt rådde oppfølgingspunkt neste år**

Vidareføre og slutføre det store Skålastiprojektet. Dette gjeld i hovudsak på strekninga mellom Tjugensetra og Sjinglebrua. Spesielt er det tre område, tre svingar, som må restaurerast, og det vil vere aktuelt å gjere dette utan bruk av maskin, men med god steinleggjarkompetanse frå sherpaene. Det er utarbeid ein eigen plan for dette.



**Delar av den utbetra stien til Skålataårnet**

### **Innfallsport Bergset**

Inst i Krundaien i Jostedalen vart det midt på 90-talet bygd opp parkeringsplass og ny tilkomst/sti til dalføret inn mot Bergsetbreen. På denne måten fekk ein styrt turgåarar utafor gardstunet i Bergset. Seinsommaren 2010 gjekk Krundøla så stor at ho fløyde over stien og stadvis øydela han. Turistane starta då å gå oppe på steingarden og grunneigar måtte flytte gjerde for å leie folk forbi på innmarka for å unngå å øydelegge den fine steingarden. For å utbetre dette vart det diskutert fleire løysingar i samråd med NVE, Luster kommune, grunneigar og entreprenør. Ein valde å reparere/forlenge forbygging mot elva i ein kort

strekning nær parkeringsplassen og så å heve stien på den mest utsette strekninga langs steingarden. På denne strekninga vart det grave ut veiter og bygd stikkrenner og stien vart heva og det vart lagt ned store steinar/steinellar til å gå på. I løpet av sommaren etablerte mykje av vegetasjonen seg att inntil stien.

Stien innover mot Bergsetbreen er mykje brukt men det er tidvis forferdeleg vått og gjørmete på større strekningar. Tidleg på 2000-talet vart delar av strekninga kavlelagt (lagt ned ferdiglagde einingar av trebord) over dei verste stadene. I desse områda ser vi at turgåarane går på desse og at det gror til att i dei oppgårte og gjørmete område ikring. Likevel er det fleire strekningar som står att å utbetre. Arbeidet med dette starta opp i 2011. Då hadde vi fokus på å styre vatnet, hogge/rydde skog som vaks inn i stien og bygge saman fleire einingar med treplattningar for å legge ut. Dette ligg no på lager klar til å fraktast ut på snøskuter til vinteren og leggast til rette til sommaren.

#### **Utfordringar og tilrådde oppfølgingpunkt neste år:**

Arbeidet med utbetring av stien innover mot breen med rydding, veiting og kavlelegging må halde fram og sluttførast.

Ein bør halde oppsyn med den nye stien langs steingarden ved stor flaum og sjå korleis det går med re-establering av vegetasjonen.



Stien ved Bergset etter att flaumen hadde øydelagd han



Utbetringsarbeid på stien ved Bergset. Stien er heva og det er lagt ned steinheller til å gå på.



Vegetasjonen etablerer seg raskt igjen på den nyutbetra stien.

## Bøyabreen

Frå Brevasshytta og på den korte strekninga fram til vatnet framføre Bøyabreen er det eit stort besøk gjennom sommaren. Teljingar viser at det passerer over 1000 personar om dagen i høgsesongen! På denne vegen må ein krysse ei lita grov, på ei etter kvart slitt og smal bru. I samråd med eigarne av Brevasshytta og lokal entreprenør, kom ein fram til korleis ei ny bru burde sjå ut. Brua vart lagd ferdig i bygda, køyrd fram og montert.



Den gamle bru ved Bøyabreen. Postkassa skjuler ein ferdselsteljar



Den nye bru ved Bøyabreen

#### Utviklingstrekk og tilrådde oppfølgingspunkt neste år:

Sjølv om også Bøyabreen går tilbake, så er han eit mektig skue og landskapet i kring viser korleis breen har forma det. Med bortfall av beitedyr så gror dei geologiske spora att. Dette gjeld i området både innafor og utafor grensa til nasjonalparken. Brevasshytta har i 2011 hogd ei opning slik at dei ser betre mot vatnet og breen frå restauranten. Det bør vurderast om det ikkje òg bør opnast opp meir framme ved vatnet og ein plan for korleis dette skal haldast vedlike.

## **Bødalseter**

I oktober 2010 var det ein kraftig flaum i Bødalselva for førte til at eine brukaret og bruva ved Bødalseter vart øydelagd. Med rask respons frå grunneigarar, NVE, forvaltninga og SNO så vart bruva reparert og bygd opp att same hausten. Det var viktig å få utført dette arbeidet på seinhausten fordi elva då var lita noko som gjorde murings- og bygningsarbeidet mogleg å gjennomføre. Grunna overskjønn på naturskadetaksten, så har ikkje arbeidet med steinmuring og revegetering blitt sluttført i 2011 slik som planlagt. Dette bør gjerast i 2012.

## **Sunndalen**

Også i Sunndalen har flaum øydelagd bruar i 2011. Nasjonlparkforvaltaren og SNO var på synfaring med grunneigarrepresentant i haust. På fire stader er det trong for utbetring eller nybygging. Dette er i Sygneskaret, ved Stillvassvollen, ved setre og ved Tverrelva. Arbeidet er starta opp ved at materiale til bruene er kjøpt inn. Grunneigarane har fått løyve til å flyge inn materiale til bruene.



Ein av dei øydelagde bruene i Sunndalen.

## **Austerdalen**

Ved Tunestølen på Veitastrond har DNT-Oslo og omland i samarbeid med Luster kommune etablert ein fast Base Camp. På denne måten kan ein tilby spennande og lærerike veker med barn, ungdom eller vaksne der ein bruker naturen ikring til ulike friluftslivsaktivitetar.

Sommaren 2011 var dei to litt større bruene inn mot Austerdalsbreen teken av flaum/skred. Det vart laga provisoriske løysingar gjennom sesongen.

DNT samla på sommaren aktuelle aktørar for å diskutere ansvar, konstnader og vedlikehald av nye bruer. På møtet var representantar frå Veitastrond (bygdelag/turgrunneigar), Naturarvprosjektet i Luster kommune, Luster Turlag, DNT-sentralt og SNO. Det vart bestemt at DNT-Oslo tek ansvaret for å få bruene bygd opp att og gjer avtale med ein lokal tilsynsperson i Veitastrond. Både Luster Turlag, Luster kommune og SNO signaliserte at dei kan hjelpe til med kostnadene. Johan Hilleren på Veitastond har fått arbeidet med å bygge opp att bruver og materiale er innkjøpt. Dette vil bli frakta inn på pulk eller med snøskuter i løpet av vinteren.

## **Langedalen**

Inn frå Tungestølen går òg Langedalen. Inn her var nasjonlaparkforvaltar, representant frå DNT-ung (Dag-Olav Brekkan), Johan Hilleren frå Veitastrond og SNO på synfaring for å sjå på eventuell ny trase for sti og nye bruver.

Stien går først flatt innover frå Nystølen og over nokre veldig gjørmete parti. Stien svingar så opp mot Midtnovi og elva som kjem derifrå. Oppgangen er ein av mange klassiske oppgangar til Jostedalsbreen. Den siste del av stien inn mot elva er veldig attgrodd og våt. Elva har spreidd seg over eit større område, og gjer det vanskeleg å kome fram. Framme ved elvefaret, så har elva tatt eit nytt løp og den enkle brua som var der var øydelagd og låg på land.

### ***Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt til neste år:***

På synfaringa såg vi på mogleg strekning og legge om stien slik at han er mindre utsett for flaum frå breelva og går i område som er mindre tilgrodd. Traseen vi såg på virka praktisk og vil ligge godt i terrenget. Det vil då vere trong for to kortare bruver som kan ligge ute heile året. Utfordringa med å legge om stien er å legge han slik i terrenget at han ikkje går opp på mornehaugane (?) og øydelegg/slit dei ned.



**Elva har flauma over stien inne i Langedalen**

## **Restaurering av gamle ferdsselsvegar**

Det er fleire 10-tals stiar inn og opp i nasjonalparken. Nokon går inn til og forbi stølar, andre er gamle ferdsselsvegar og ein del er komne til i samband med turgåing. Ofte er det ein kombinasjon. På dei brattare stiane er det gjerne kortare strekningar med steintrappar som er lagt opp og det er ofte ein vaier eller kjetting som er lagt ut for å halde seg i. Det kan òg vere jarnrøyr som er festa i fjell for å halde på ein stokk eller eit bord eller gje feste til foten. Felles for desse stiane er at vanleg vedlikehald med dugnad utan fagkompetanse ikkje er nok. På mest alle av desse stiane er det gjort utbetrinigar (freistnad på utbetrinigar) som har vore meir eller mindre vellukka.

### **Dei aktuelle stiane er:**

**Kamprehamrane (Stryn):** Går frå Sunndalen i Oppstryn og over mot Raudalen i Skjåk. Dette var ein gamal ferdsselsveg mellom aust og vest. Her er ikkje så bratt, men det er bygd opp ein god del trapper gjennom ura.

**Oldeskaret (Stryn):** Går frå inst i Oldedalen og over til Haugadalen i Jølster. Også gamal ferdsselsveg og i "nyare" tid har det vore stemneplass på fjellet mellom bygdene. Her er delar av stien (på oldedalsida) så bratt at det enkelte stader er lagt ut kjettingar til å halde seg i og det er laga fotstøttar. Vatn som renn over stien er òg eit problem.


**Lundeskaret (Jølster):** Går opp inst i Kjøsnesfjorden og opp til Trollavatnet og over til Fjærland eller Haukedalen. Dette er kortaste kryssinga av Jostedalsbreen og ein gamal ferdsselsveg. Dette skal vere den brattaste tilrettelagte stien som DNT ga midlar til i si tid. Her er både steintrapper og kjettingar.

**Flatbrehytta (Sogndal):** Stien går opp frå Øygard i Fjærland til Flatbrehytta og Flatbreen. Delar av stien vart øydelagd av flaumskredet tilbake i 2004. Det er laga fleire versjonar av ny sti. Delar av eksisterande gammal sti bør òg vedlikehaldast.

**Steinmannen (Luster):** Går opp inst i Krundai i Jostedalen. Denne stien går opp til hyttene som NVE eig på Steinmannen. Vidare er det kort veg opp på breplatået.

### **Utfordringar og tilrådde oppfølingspunkt neste år:**

Dei omtalte stiane er ein del av kulturhistoria knytt til ferdsel og tidleg turisme kring Jostedalsbreen. Det vart i si tid lagt ned eit stor og nøye arbeid med å lage gode tilretteleggingar for to- og firbeinte. Dette arbeidet bør takast oppatt og vidareførast med same kløkt og tilpassing som tidlegare, og gjerne med nokre løysingar tilpassa notida. Det bør difor lagast ein plan/prosjektering av kvar sti som viser kva for reparasjon, vedlikehald og tiltak som må gjerast på ulike delar av stien. Grunneigarar og andre med god kjennskap til kvar sti må takast med i planlegginga. Vidare kan ein då bestemme rekkefølgje på kven av stiane ein vil prioritere å utbetre.



Frå stien til Oldeskaret. Ein av fleire gamle ferdsselsvegar som det no er trond for å restaurere

### ***Informasjonsskilt ved innfallsportane og turistknutepunkt***

Det er sett opp særmerkte nasjonalparkskilt på 12 stader kring nasjonalparken. Dette er designskilt med form og farge inspirert av breen. Av ulike grunner er det tidlegare bestemt å ikke vidareføre desse, men bruke enklare informasjonsskilt på isblå bakgrunn. Arbeidet med å vidareføre dette vart det ikkje tid i 2011.

Utfordringar og tilrådde oppfølgingspunkt for neste år

Det er mange innfallsportar kring nasjonalparken og det er fint å kunne gje ulik informasjon på ulike stader. Difor er det meste av tekst og bilde på kvart informasjonsskilt unikt, noko som òg gjer at det tek meir arbeid å lage dei. Bremuseet tok arbeidet med å lage eitt av dei nye skilta, ved Supphellebreen, i 2010. Der valde dei å bruke eit skiltstativ som er brukt andre stader i Fjærland.



**Det nye nasjonalparkskiltet slik det ser ut ved Supphellebreen. Skiltstativet kan variere frå plass til plass.**

Oversikta under viser kvar det står skilt i dag (designskilt), og eit forslag til kvar det bør stå nye enkle skilt etter ei prioritering på grunnlag av innspel og SNO si vurdering av kor mykje brukt stadene er:

Stad	designskilt	nye skilt pri 1	nye skilt pri 2	merknad
Strynefjellet			x	Ved Tystigen
Sunndalen		x		
Erdalen		x		
Hjelle		x		
Nasjonalparksenteret	x			
Stryn sentrum	x			
Loen	x			
Skåla-parkering		x		
Bødalseter	x	x		Øydelagt, sette opp nytt enkelt?
Kjenndalen	x	x		Ikkje sett opp pga usemje. Sette opp nytt enkeltskilt?
Olden	x			
Brenndalen		x		Ønske frå næringsutøvar
Melkvoll	x			Pionerskilt
Briksdalen	x			

Utvikfjellet		x		
Byrkjelo			x	
Myklebustdalen			x	
Stardalen		x		
Haugadalen		x		
Befringsdalen			x	
Fonn			x	
Skei	x			
Haukedalen			x	
Grøneng		x		
Gaularfjellet		x		
Lunde		x		
Bøyabreen	x			
Øygard, stien mot Flatbrehytta		x		
Supphellebreen	z			Her er det nye skiltet på plass
Bremuseet/busstopp	x			
Berge			x	
Anestølen		x		
Sogndalsfjøra	x			Ikkje sett opp (enno)
Hafslo	x			
Veitastrond, vårstølen	x			
Tungestølen		x		
Gaupne	x			Finst, ikkje sett opp 1)
Fossøy, flaummerke		x		Ønske frå grunneigarar
Bergsetdalen	x			
Breheimsenteret				Øydelagt 1)
Fåbergstølen/breen			x	
Styggevatnet			x	1)

### 1) Bør samordnast med Breheimen nasjonalpark

Det finst eit eldre generelt skilt for Jostedalsbreen nasjonalpark som står ulike stader, både inne og ute. Skiltet er så gammalt at dei gamle grensene (frå før 1998) står på. Det bør vurderast om det bør lagast ein plakat/skilt med generelle opplysningar om nasjonalparken som kan brukast overalt i tillegg til dei unike skilta ved ulike innfallsportar.

**SKJEMA B - Bestillinger fra Fylkesmannen for 2011 (bestilling av SNO personellressurser ut over SNOs kjerneoppgaver)**

Bestillings-nummer (fylke + nummer + år)	Prioritet Kategori 1-3 og evt frist for oppdrag	Hvis verneområde ID-nr. for området (Naturbase)	Navn på område/lokalisitet	Beskrivelse av oppdrag	Anslått tidsbruk i ukeverk	Kryss av hvis behov for egen rapport	SNO sin rapportering av oppdraget (SNO fyller ut etter utført arb.)	SNO sine forslag til videre oppfølging, eventuelle oppgaver som ikke er utført (fylles ut etter utf. arb.)
SF 9-2011	Prioritet 1		Jostedalsbreen NP	Stiprosjekt Skåla. Vidareføring frå 2009 og 2010, og arbeidsplan for ferdigstilling			Arbeidet er utført og eigen rapport føreligg. Det er òg laga ein arbeidsplan for ferdigstilling	Ferdigstilling i 2012 slik vist i arbeidsplan og på synfaring hausten 2011.
SF 10-2011	Prioritet 1		Jostedalsbreen NP	Skiltprosjektet: Nokre skilt er att å setje opp. Dessutan ulike typar skilt vede innfallsportar.			Arbeidet er ikkje sluttført grunna omdisponering av tida.	Det er i inngått eit samarbeid med Bremuseet på vidareføring av skiltprosjektet i ein enklare form enn tidlegare.
SF 11-2011	Prioritet 2		Jostedalsbreen NP	Årsmelding for nasjonalparken, felles med Nigardsbreen			SNO skriv Årsrapport frå nasjonalparken (denne).	Årsmeldinga har vore eit samarbeidsprodukt mellom forvaltninga og SNO. Det er opp til forvaltninga om denne skal vidareførast.

**SKJEMA C – Tiltak i nasjonalparker og andre verneområder (*tiltak som er tildelt midler over 1426.30 eller 1426.31.1 og hvor SNO-L er ansvarlig for gjennomføring*) FMSF = Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**

<b>Bestiller</b>	<b>VerneID</b>	<b>Verneområde navn</b>	<b>Tiltakstype</b>	<b>Beskrivelse</b>	<b>Øk. Ansvarlig</b>	<b>Tildelt NOK</b>	<b>Status pr des 2011</b>	<b>Kommentar</b>
FMSF	VV00000668	Jostedalsbreen	Tilrettelegging	Skålastiprosjektet	SNO	1600000	Det er utført meir arbeid enn det som var planlagt!	Vidareførast og sluttførast i 2012
FMSF	VV00000668	Jostedalsbreen	Tilrettelegging	Vedlikehald av stiar og bruar, m.a. Bergset og Bøyabreen	SNO	<b>250 000</b>	Utført ved Bergset, Bøyabreen, Briskdalsbreen. Starta opp: Bergsetdalen, Sunndalen, Austerdalen	Grunna breelvar som flaumar over er det stadig trøng for tiltak. Oppstarta tiltak bør vidareførast.
FMSF	VV00000668	Jostedalsbreen	Informasjon	Skiltprosjekt innfallsportar	SNO	<b>100 000</b>	Oppstart samarbeid med Bremuseet	Prosjektet blir utvida og vidareført med innleide ressursar vidare
FMSF	VV00000668	Jostedalsbreen	Rydding	Helikopteruttak av søppel frå Røyjedalen	SNO	20 000	Arbeidet utført	I samarbeid med deltagarar i Tunsbergdalsbreprosjekt et



## Statens naturopsyn (SNO)

SNO er miljøforvaltninga sitt operative feltorgan som utøver mynde etter Lov om statlig naturopsyn av 21. juni 1996. Lova gir SNO-personell tilsynsmynde og ansvar for oppsyn av følgjande miljølovar: friluftslova, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminnelova, viltlova, laks- og innlandsfiskelova, markalova og delar av ureiningslova i heile landet, både på offentleg og privat grunn. Oppgåva er todelt og rettar seg både mot tilsyn og overvaking av naturtilstanden og tilsyn med menneske si åferd i naturen i høve gjeldane regelverk. Ei viktig utfordring for naturopsynet er skape forståing og respekt for regelverket som finst på dette området.

Den nasjonale leiinga i SNO ligg i Direktoratet for naturforvaltning (DN) i Trondheim og det heiltidstilsette lokale naturopsyn har arbeidsstad knytt til sitt geografiske oppsynsområde; totalt 61 lokale kontor med til saman 93 tilsette ved starten av 2011. Organisasjonen er delt i seks seksjonar: to kystseksjonar, to nasjonalparkseksjonar, ein rovviltseksjon og ein naturvegleiarsekjon.

Hovudoppgåva er informasjon og rettleiing, i tillegg til kontroll, registrering, dokumentasjon, skjøtsel og tilrettelegging. I dette ligg òg viktige oppgåver innan rovviltforvaltning, m.a. bestandsregistrering og dokumentasjon av skader knytt til den lovfesta erstatningsordninga på bufe og tamrein. Verksemda er basert på eigne oppsynsstillingar i kombinasjon med kjøp av tenester og samarbeid med andre oppsynsordningar lokalt og regionalt. SNO har òg eit overordna ansvar for Skjærgårdstjenesten; ei interkommunal ordning med hovudansvar for skjærgårdsparkane mellom Bergen og Halden.

Det blir lagt vekt på å etablere eit godt samarbeid med andre aktørar innan naturopsyn. Dette gjeld både fjelloppsynet i regi av fjellstyra, Statskog Fjelltjenesten i Nordland og Troms, og politiet. Særleg er samordninga med politiet viktig når det gjeld kontrolloppgåvene. Samarbeidet med ulike aktørar er formalisert gjennom avtalar, rolleavklaringar og tenestekjøpsavtaler. På denne måten blir naturopsynet meir effektivt og profesjonelt. Verksemda er framleis i vekst og utviklar seg i tråd med dei rammena som finst i forarbeid til lovar og gjennom styringsdialogen med Miljøverndepartementet.